

Handlingsplan for SFO



Skuleåret 2024/25

Rosseland Skule SFO

Innholdsfortegnelse

1.	Innleiing	3
	Organisering ved SFO-avdeling.....	3
2.	Skulen sin visjon og SFO sitt verdigrunnlag.....	4
3.	Skulen sitt pedagogiske grunnsyn, elevsyn og læringssyn	4
4.	Vaksenrolla på SFO	5
5.	Samarbeid og forventningar	5
	Samarbeid mellom SFO og heim	5
	Samarbeid mellom skule og SFO.....	6
6.	Innhald og arbeidsformar	6
	Inkludering i SFO	6
	Hovudområda	7
	Digital dømekraft	8
	Medverknad og barnets stemme	8
7.	Utviklingsområder og utviklingsarbeid.....	8
	Organisasjonslæring og egenvurdering	9
9.	Praktiske opplysninger	11

1. Innleiing

Opplæringslova § 13 -7 pålegg alle kommunar å ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for 1. - 4. trinn og for barn med særlege behov for 1. -7. trinn. Frå hausten 2021 blei det innført ein nasjonal rammeplan for skulefritidsordninga. Rammeplanen er ei forskrift med heimel i § 13-7 opplæringslova.


I §13-7 i opplæringslova kjem mandatet i SFO til uttykk:

«Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.»

Rammeplanen for SFO slår fast at SFO skal bygge sin praksis på grunnleggande verdiar som er felles for barnehage og opplæringa. SFO tilbodet er ei forlenging av skuletilbodet og skal reflektera dei same haldningane og verdiane som gjeld i skulen. Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO og prega både innhald og arbeidsmåtar.

Time kommune utforma ein Kvalitetsplan for skulefritidsordninga i Time. Kvar skule skal ut frå Rammeplan for SFO og kvalitetsplanen laga ein handlingsplan for skuleåret. Handlingsplanen skal vise korleis rammeplanen blir sett ut i livet ved den enkelte SFO.

Organisering ved SFO-avdelinga



Rektor er ansvarleg leiari på Rosseland skule. Ansvaret for SFO er delegert til avdelingsleiar på SFO.

SFO har avdelingsleiar, 2 baseleiarar og 22 andre medarbeidrarar. Personalet består av miljørarbeidrarar, fagarbeidrarar, lærling og ein kokk som er ansvarleg for kjøkken og mat.

Avdelingsleiar har økonomi og turnusansvar, ansvar for opptak, endring av tid, oppseiing og utviklingstid i personalmøter. Baseleiarane har ansvar for den daglege drifta saman med avdelingsleiar.

Rosseland SFO er open kvar dag frå 07.15- 08.15 og frå skuleslutt til 16.00 kvar dag.

Føresette kan kjøpa eit tilbod på 5, 4, 3 eller 2 dagar pr. veka. Det er også mogleg å kjøpa enkeltdagar ved behov. 2 månadar oppseilingstid av SFO plass eller redusering av dagar.

SFO har 2 baser 1.trinn sine klasserom og 2. trinn sine klasserom. Me har kantine, aula, kunst & handverk rom, butikk og gymsal til disposisjon.

SFO er open 11 månader i året, stengt heile juli. SFO har 4 planleggingsdagar i løpet av SFO-året.

2. Skulen sin visjon og SFO sitt verdigrunnlag

Time kommune sin visjon er «Trygg og framtidsretta».

På Rosseland skule vil me arbeida mot denne visjonen gjennom følgjande ordlyd:

«*Omsorg, ansvar, læring – lyst på livet og evne til å meistra det*».

3. Skulen sitt pedagogiske grunnsyn, elevsyn og læringssyn

Alle barn er unike og blir møtt med likeverd, respekt og positive forventingar.

Pedagogisk grunnsyn

Alle er gode til noko

Alle kan læra og utvikla seg – fagleg, kreativt og sosialt.

Alle kan bidra til eit positivt fellesskap

Alle skal ha tru på seg sjølv

Alle blir sett, hørde og tatt på alvor

Elevsynet vårt	Læringssynet vårt
Alle er gode til noko	Barnet skal oppleva meistring og utfordring - kvar dag
Alle kan læra og utvikla seg – fagleg, kreativt og sosialt	Me skal ta utgangspunkt i det barnet kan
Alle kan bidra til eit positivt fellesskap	Me skal nytta varierte arbeidsmåtar Me skal gi rom for at barnet kan utfalda og utvikla seg på alle område – teoretisk, praktisk, fysisk, sosialt og kreativt

4. Vaksenrolla på SFO

Vaksenrollen på SFO
Barna skal oppleva respekt, likeverd, tillit og omsorg
Barna skal oppleva tydelege vaksne som leier og tek ansvar for kvaliteten i all samhandling
Me skal ha klare tydelege reglar og rutinar på SFO
Me ser kvart enkelt barn og gir dei hjelp og rettleiing
Me gir barn mulegheit for medverknad
Me skal ha eit godt samarbeid om barna. Me skal vera imøtekommende og lyttande i møte med føresette

5. Samarbeid og forventningar

Ein skal sjå tilbodet ved SFO og skule i samanheng og sikra eit heilskapleg tilbod og gode overgangar som gjer dagen trygg og oversiktleg for barnet. Omsynet til barns beste skal ligge til grunn når SFO samarbeida med føresette, skule, barnehage og andre offentlege instansar.

Samarbeid mellom SFO og heim

For å legge til rette for eit godt samarbeid mellom føresette og SFO er det nødvendig med god dialog og ei avklaringa av forventningane til kvarandre.

På SFO skal me arbeide for		
Kva	Korleis	Kven
Informasjon om kvardagen på SFO	Oppdatera heimesida, legga ut bilet, månadsplan og anna informasjon	Baseleiar SFO leiar
God kommunikasjon med føresette	Visma app, telefon, hentesituasjon	Alle på SFO
Foreldremøte	Jan/feb oppstart nye 1. trinn Juni oppstart nye 1. trinn Sept for alle på SFO	SFO leiar

På SFO vil me at dei føresette

Snakkar positivt om SFO

Gir beskjed om forhold som kan påvirka barnets trivsel. På den måten kan personalet følgje opp og møte barnets behov.

Respekterer opningstidene.

Følgjer med på informasjon fra SFO i Visma flyt skule og på skulen si heimeside. Abonner på Rosseland SFO si heimeside.

Gir beskjed innan oppsette fristar når det gjeld tilbakemelding til SFO i samband med skulen sine ferie- og fridagar. På denne måten kan SFO planleggja best mogleg bruk av personalet.

Samarbeid mellom skule og SFO

Skule og SFO jobbar ut frå same verdigrunnlag og pedagogiske plattform. Saman skal ein sikre gode overgangar og eit best mogleg heilskapleg tilbod.

Samarbeid SFO - skule		
Kva	Korleis	Kven
SFO deltek på foreldremøte for nye 1. trinns-elevar	feb/juni	SFO leiar- baseleiar 1. trinn
Samarbeidsmøter	SFO deltek på arbeidsmøter som har betyding for SFO.	SFO leiar baseleiar Rektor/avdelingsleiar kontaktlærar
Informasjon om nye 1. trinn	Besøke kvart enkelt barn i bhg. Overgangssamtaler med bhg.	SFO leiar avdelingsleiar
Samtale mellom SFO og kontaktlærar	Ved behov	Baseleiar/kontaktlærar SFO leiar
SFO har 4 planleggingsdagar	Ein eller to felles planleggingsdagar med skulen.	Rektor SFO leiar

6. Innhold og arbeidsformer

Inkludering i SFO

Inkludering		
Kva - målsetting	Korleis	Kven
Alle barn skal føla at dei hører til i SFO og i si gruppe.	Gjennom daglege rutinar. Dei vaksne hjelper med å inkludera alle barna. Gruppa et saman.	Alle i SFO
Ha ulike aktivitetar som er for alle	Tilby ulike aktivitetar i løpet av veka	Alle i SFO

Barna lærer og respekterer ulikskapar	Dei vaksne er rollemodellar, legg til rette og inspirerer.	Alle i SFO
---------------------------------------	--	------------

Hovudområda

Leik		
Kva - målsetting	Korleis	Kven
Barna skal ha tid og rom til å leika kvar dag	Ha fokus på fleksibilitet slik at barn får nok tid	Alle på SFO
Legge til rette for leik som skapar vennskap	Dei vaksne observerer, rettleiar og støtter barna i leik.	Alle på SFO
SFO legg til rette for eit godt leikemiljø	Ta omsyn til behovet	Alle på SFO
Medverknad	Samtaler med barna	Alle på SFO

Kultur		
Kva - målsetting	Korleis- arbeidsform og aktivitet	Kven
SFO skal legga til rette for ulike kulturelle og kunstnariske aktivitetar.	Kunst og handverksaktivitetar Oppleve kultur i nærmiljøet	Alle på SFO
Vita om samenes nasjonaldag	Flagg, snakka om, musikk, mat	Alle på SFO
Visa at me har mange ulike nasjonaliteter på SFO	Mala flagg, verdkart, eigen perm med ulike flagg som ein kan fargelegga	Alle på SFO
Utfolda seg kreativt	Mala, klyppje, lima, perla, teikna	Alle på SFO

Fysisk aktivitet og bevegelsesglede		
Kva - målsetting	Korleis- arbeidsform og aktivitet	Kven
Leggja til rette for dagleg fysisk aktivitet	Uteleik er alltid blant aktivitetane. Gymsal er i bruk kvar dag	Alle på SFO
Vaksne tilrettelegg og inspirerer til fysisk aktivitet	Forslag til ulike leikar både inne og ute. Delta og støtta barna	Alle SFO

Mat og måltidsglede		
Kva - målsetting	Korleis- arbeidsform og aktivitet	Kven
Gode matvaner og opplevelse av glede og fellesskap ved å eta saman	Rolege samtalar rundt bordet. Dei vaksne sit saman med barna når det er mogleg. Fokus på matro.	Alle i SFO
Stimulera sansane ved hjelp av smak, lukt, farge, konsistens og form	Me er opptatt av at barn gjerne prøver nye råvarer/retter. Alltid mogleg å få smaka nye ting	SFO leiar Alle i SFO
Barn får nokre gonger delta i tilbereding av måltid	Laga mat når det er heile SFO dagar.	Alle i SFO
Inspirera og utvikla sunne matvaner	Variert pålegg Frukt og grønt kvar dag	Alle i SFO

Digital domekraft

3. og 4. trinn bruker iPad. Me har fokus på korleis me er på nett. Det er trygt å samtale med vaksne om innhold på nett og gjera vurderingar i lag.

Medverknad og barnets stemme

I SFO skal barna ha stor medverknad på tilbodet. I vår SFO vil me sikra at barna blir høyrde og får medverka gjennom:

Barnesamtaler

Lytta til og følga med på kva dei ynskjer.

Me prøver så langt det går å gjennomføra innhald i SFO etter barnas innspel.

7. Utviklingsområde og utviklingsarbeid

For å sikra god kvalitet på tilbodet i SFO er det viktig at dei tilsette har ei kontinuerleg kompetanseutvikling. Det skal leggjast til rette for kompetanseheving for dei tilsette. Kapittel 6.1. rammeplan for SFO slår fast at:

«SFO skal være et fellesskap og en lærende organisasjon som jevnlig vurderer og videreutvikler sin praksis. SFO skal legge til rette for at hele personalet reflekterer over faglige og etiske spørsmål i tilknytning til rammeplanens verdier og innhold og hvordan de kan være gode rollemodeller for barna.»

- a) Skulen sitt utviklingsområde: Elevmedverknad

Det skal vera samanheng mellom utviklingsområda på skulen og SFO. SFO kan gjennom sine arbeidsforma og aktivitetar forsterke utviklingsområda som er valt for skulen.

Resultatmål	Tiltak	Når/ kven
At barna for mogleheit til å påverka eigen kvardag	Barnesamtaler. Lytt til barnas ønsker for kva aktivitetar dei vil ha i SFO Barna får velge mellom ulike aktivitetar	Alle på SFO

- b) Brukarundersøkinga skuleåret 2023

I brukarundersøkinga skuleåret 2023 kom det fram at SFO ved Rosseland skule fekk 3,3 på indikatoren «Informasjon».

På grunnlag av denne undersøkinga har me difor valt mål me vil jobbe mot dette skuleåret.

Resultatmål	Tiltak	Når/ kven
At foreldra får god informasjon om korleis barnet deira har det på SFO	Fortelja om situasjonar ved henting dersom det har skjedd noko som foreldra har nytte av å vite. Tilbakemelding i forbindelse med utviklingssamtaler.	Alle på SFO Baseleiar, SFO leiar
At foreldra får tydeleg og hyppig informasjon om kvardagen på SFO	Leggja ut informasjon og bilet på heimesida kvar veke. Leggja ut månadsplan kvar månad Handlingsplan og årsplan på heimesida.	Baseleiar, SFO leiar Baseleiar SFO leiar legg den ut ved skulestart

- c) Utviklingsmål for SFO-året

Våren/ hausten 2023 gjorde personalet i SFO ei vurdering av eigen praksis sett opp mot kvalitetskjenneteikn i kvalitetsplanen, eigne observasjonar og tilbakemelding frå barna.
På grunnlag av denne vurderinga har me dette SFO-året valt følgande utviklingsmål:

Resultatmål	Tiltak	Når/ kven
Måltid		
At barna skal få oppleva glede, ro og fellesskap ved å eta saman	Endringar for kvar elevane et under måltid. Elevane et i mindre grupper	Alle i SFO skal bidra til best mogleg kvalitet under måltida.

Organisasjonslæring og eigenvurdering

Dei tilsette i SFO skal gjennom året reflektera og vurdera eigen praksis opp mot, kvalitetskjenneteikn, målsettingar, eigne observasjonar og tilbakemeldingar. Det skal setjast av tid i arbeids- og utviklingsmøta til dette.

Tidspunkt	Tema/ evaluering	Arbeidsform
November 24	Informasjon	Gjennomgang og diskusjon

Mars 25	Evaluering av måltid i SFO	Evaluera i fellesskap
April 25	Gjennomgang av barnesamtaler	Oppsummering og vidare mål

8. Årshjul

Årshjul SFO	
Månad	Aktivitet
August	1. – 14. august: Sommar SFO - eige program 12.-13. august: Planleggingsdagar - SFO er stengt Bli kjent. Leik inne og ute. Skapa vennskap Pølsefest og film siste fredag i månaden
September	Foreldremøte Veke 38 Potetveke Frist for innlevering av skjema for bruk av dagar i haustferien veke 41. Skapa vennskap Pølsefest og film siste fredag i månaden
Oktober	Veke 41. 7. - 11. oktober: Haustferie med aktivitetar Veke 44. Fokus på Halloween Halloween dag. 31.oktober Pølsefest og film siste fredag i månaden
November	15. november: Planleggingsdag – SFO stengt Frist for innlevering av skjema for bruk i juleferie. Pølsefest og film siste fredag i månaden
Desember	Pepparkakebaking Juleaktivitetar Nisselfest m/ grøt SFO open heil dag 23, 27 og 30.desember
Januar	2.januar: Planleggingsdag - SFO stengt. Pølsefest og film siste fredag i månaden.

Februar	Foreldremøte nye 1. trinn 6. feb. Samenes nasjonaldag Karneval skule og SFO Vinterferie veke 9. 24 - 28.feb med aktivitetar. Pølsefest og film siste fredag i månaden Skattejakt
Mars	Pølsefest og film siste fredag i månaden Skattejakt
April	Påskeaktivitetar Påskeferie 16 - 21 april - SFO stengt
	Pølsefest og film siste fredag i månaden Skattejakt
Mai	17.mai aktivitetar Aktivitetsdag/idrettsdag Torsdag 1.mai - SFO stengt Torsdag 29.mai - SFO stengt (kr.h.f) Pølsefest og film siste fredag i månaden Skattejakt
Juni	Skattejakt Siste skuledag fredag 21.juni Ferieklubb v. 26 og 27– eige program
Juli	Sommarferie: SFO stengt

9. Praktiske opplysningar

Opningstider:

- SFO er open mellom 07.15-16.00
- SFO har 4 planlegging dagar, då er SFO stengt.
- Juli er feriemånad- då er SFO stengt.

Rutinar:

- Barna blir kryssa inn i Visma systemet SFO bruker etter siste økt på skulen, og kryssa ut når dei går heim.
- Barn som går på forskjellige aktivitetar i løpet av dagen skriv seg opp/magnetar – og flytter denne etter endt aktivitet.
- Aktivitetar blir sett opp på tavla kvar dag på basane.
- Basane et til faste tider.

Klede:

- Alle barn må ha klede etter veret, og skiftetøy til gjengeleg.
- Klede må merkast.

Mat:

- Barn som kjem før 07.50 på frukostklubben får frukost.
- Måltider på SFO ettermiddag kan vera i kantina, ute eller i klasserom.
- Oppskåret frukt og fokus på variasjon og sunn mat.